


## Vidvinkelperspektiv på helseretten



Lasse A. Warberg  
**Norsk helserett**  
 2. utg. 517 s. Oslo: Universitetsforlaget, 2011.  
 Pris NOK 599  
 ISBN 978-82-150-1630-6

Denne boka er i første rekke ei juridisk fagbok. Teksten er likevel slik utforma at helsepersonell med noko over gjennomsnittleg interesse for helserett vil ha utbyte av henne. Denne andre utgåva er vesentleg endra sidan første utgåve, som kom så langt attende som i 1994.

Innhaldet er vel strukturert. Stikkordregisteret er godt og gjenomarbeidd. Teksten er sett med flittig bruk av tematiske stikkord i margen. Boka har stive, slitesterke permar. Alt dette gjer at ho er lett å bruke som oppslagsverk. Og det er kanskje nett som oppslagsverk at ho har sin styrke og kjem til å bli mest brukt.

Det startar med ein allmenn presentasjon av helseretten og den historiske utviklinga av dette rettsområdet. Deretter kjem det to omfattande kapittel om helseretten som pasientrett, før helsepersonellretten blir presentert. Forfattaren har vidare funne plass til eit eige kapittel om dei særlege rettshøva for pårørande. Pasientkaderetten blir også presentert, medan trygderetten og sosialretten i det vesentlege fell utanom rammene for boka. Teksten viser ei stor breidde når det gjeld konkrete og praktisk relevante døme på korleis helseretten fungerer. Avgjerder både frå domstolane og forvaltinga blir hyppig siterte.

Forfattaren tek lesaren med på ei rettspolitisk prega drøfting av helseretten. Han brukar ikkje berre tradisjonelle rettskjelder som utgangspunkt for drøftingane, men set det rettslege kjeldeapparatet i samanheng med utanomrettslege kjelder, til dømes avisdebattar. Det er ein styrke, men det fører også til at forfattarrøysta er tydelegare enn det vi vanlegvis møter i norsk allmenn helserettsleg litteratur. Dei utanomrettslege kjeldene er ikkje alltid like godt dokumenterte som dei tradisjonelle rettskjeldene. Dei er så godt som fråverande i litteraturlista.

Mot slutten er det eit spennande kapittel der forfattaren ser på verknadene av dei omfattande helserettslege normsetta i Noreg med sine kritiske juristaugo. Dette kapitlet fremjar lesaren si lyst til debatt, men det er berre forfattaren som kjem til orde. Ved lesinga av dette kapitlet tykkjer eg tydeleg å sjå at verknadshistoria til legale tekstar er noko som ikkje berre skal granskast og drøftast av juristar. Det er eit tverrfagleg forskingsfelt.

Ifølgje forordet blei skrivinga avslutta i mars 2011. Det gjer at den nye helse- og omsorgslovgjevinga ikkje er knadd inn i teksten. Forfattaren har likevel makt å fanga opp ein del av det nye i eit tilleggskapittel heilt til slutt. Boka har ei eiga nettside der vesentlege oppdateringar vil kome.

Alt i alt er boka eit nyttig tilskot til den omfattande helserettslege litteraturen som vi har, ikkje minst fordi forfattaren torer vere personleg og endåtil dristig i ein del av vurderingane sine.

**Geir Sverre Braut**  
 Statens helseforetak

## Livet videre med sorgen



Gunnhild Corwin  
**Etter dansen**  
 203 s. Oslo: Aschehoug, 2011. Pris NOK 349  
 ISBN 978-82-03-23988-5

Gunnhild Corwin ga i 2005 ut *Idas dans*. Boken handler om de 14 månedene familien fikk sammen med yngstebarnet Ida fra hun fikk leukemi til hun døde hjemme 19 år gammel. Den ble en bestselger og forfatteren en hyppig brukt foredragsholder og debattant. I bloggen 5. november 2010 skriver hun: «Jeg har fått vanvittig mange gode tilbakemeldinger på Idas dans.(...) Mange ber meg skrive mer. Det er jo akkurat det jeg vil. Jeg oppdaget, under arbeidet med Idas dans, at jeg faktisk liker å skrive. Jeg elsker å skrive.»

Nå er den nye boken kommet. *Etter dansen* handler om forfattrens liv i de åtte årene som er gått siden Idas død. Ida var yngstebarnet i en stor familie med foreldre, besteforeldre, søsken og søskens barn. I *Etter dansen* beretter forfatteren om hendelser og erfaringer som har vært viktige for henne i løpet av disse årene. Hun reflekterer over sorg, sorgarbeid, livsmestring og «værekraft», og overlivet i storfamilien som går videre med hverdag og helg, glede og sorg.

I bloggen hennes stiller en leser spørsmål ved Corwins måte å fremstille Idas syke- og dødsleie på. Er disse erfaringene nytte for andre, underer leseren. Corwin svarer slik: «Vedkommende forteller meg at både Idas dans, bloggen min og intervjuer i TV og avisar tegner et glansbilde av det å miste et barn. At de færreste opplever en vakker død med levende lys og festmiddager.» Forfatteren sier at hun bevisst velger å fokusere på det gode rundt seg. Hun illustrerer dette med noen visdomsord fra en historie om en indianerbestefar. Bestefaren forteller barnebarnet sitt at det selv kan velge hvem som skal vinne – den gode eller den onde ulven barnet har inni seg: «Den du mater, vinner.»

Forfatteren poengterer videre at hun ønsker å nyansere oppfatningen av hva som er det verste som kan ramme et menneske, og at det ikke finnes én riktig måte å bearbeide sorg på. Mennesker er forskjellige og sørger forskjellig. Hun forteller om det verste som har rammet henne, og om veien videre i stadig kamp mellom den gode og den onde ulven. Hun viser leseren en måte å leve et fullverdig liv på, selv om noe helt vesentlig alltid vil mangle.

Historien er gripende, og forfatteren skriver godt og levende. Men boken har et mål utover å berøre publikum. Hun ønsker å gi leserne støtte til å komme videre når sorg og tap rammer. Jeg tror at mange kan ha nytte av det hun skriver, men at enkelte vil føle at deres egen hjelpeboset blir enda større i møte med en mor og en familie som får til så mye mer enn de selv har mulighet til å få til. Forfatteren sier at hun bevisst har valgt å «mate den gode ulven», med den følge at avstanden kan bli for stor mellom henne og de leserne hun ønsker å få i tale.

Mitt råd til helsepersonell som i sitt arbeid møter sørgende: Les boken, men tenk gjennom hele situasjonen til det mennesket du har foran deg, før du anbefaler henne eller ham å lese den.

**Marit Hafting**  
 BUP Voss  
 Voss sjukehus  
 og  
 RKBU Vest  
 Uni helse  
 Bergen